
STRYN KOMMUNE

Stryn2035

RAPPORT SPØRJEUNDERSØKING

*"Skal Stryn vere **Fagre Stryn** i 2035? – det er i stor grad opp til oss."*




KVEN DELTOK?

1. Kor gammal er du?

Flere detaljer

Under 18 år	4
19 - 29 år	34
30 - 39 år	76
40 - 49 år	75
50 - 59 år	67
60 - 69 år	36
70 - 79 år	15
Over 80	1



2. Kjønn

Flere detaljer Innblikk


Mann	111
Kvinne	195
Anna	0



3. Kvar i Stryn kommune bur du?

Flere detaljer Innblikk


Stryn	127
Oppstryn	27
Nordsida til og med Fjelli	23
Randabygda / Hopland	6
Loen / Lodalen	11
Olden / Oldedalen	44
Innvik	41
Utvik	16
Bur ikkje her, men ønskjer å flytt...	5
Har budd her tidlegare	5
Ønskjer ikkje å oppgje	3



4. Kor lenge har du budd i Stryn kommune?

Flere detaljer Innblikk

Heile livet	87
20 år eller meir	124
10 - 20 år	33
5 - 10 år	15
3 - 5 år	15
Mindre enn 2 år	33



TOTALT: 318 SVAR

Denne rapporten er basert på svara som kom inn frå spørjeundersøkinga, og består av figurar og sitat. Sitata er henta frå spørsmåla “kva håpar du er annleis i Stryn i 2035” og “er det noko anna du vil leggje til?”

KVA ER BRA MED Å BU I STRYN KOMMUNE?




KVA KUNNE VORE BETRE?



BUSTADER OG TOMTER


9. Kva type bustad ønskjer du deg i Stryn kommune i framtida?

Flere detaljer | Innblikk



8. Kryss av for dei tre viktigaste tinga for din framtidige bustad.

Flere detaljer



"I 2035 håpar eg det er **naturleg å busette seg i heile kommunen,** og utføre sitt daglege arbeid innan overkomeleg pendlaravstand. Eg håpar teknologien er komen så langt at "heimekontor" både er vanleg og akseptert"

"Vi har det vakkert i Stryn kommune, kanskje tilogmed **for vakkert.** Vi har rett og slett for mykje folk som sit på eigedommar av denne grunn. Dette kombinert med lite plass og tilrettelegging for nye boliger gjer til at **lokalsamfunna blir øydelagde**."

"Ønskjer **byggeklare tomter** i alle deler av kommunen"

"Håpar det blir bygd og utvikla små, men praktiske bustader for **enkel og naturnær leving på bygda**."

"Det er ikkje eit problem å få folk til å busetje seg her. Problemet er at det **ikkje er bustadar** til dei."

"Etter at vi flyttet hit for snart tre år siden, tok det over to år med leid bolig før vi var etablert med egen bolig. Vi visste på forhånd at det var lite boliger til salgs i Stryn, men at det skulle ta så lang tid overrasket oss. **En mere fremoverlent boligpolitikk** tror jeg derfor er høyst nødvendig for å **sikre tilflytting og etablering** i kommunen i fremtiden."

"Ferieboligpolitikken medfører på sikt til at bygdene utanfor Stryn **dør ut**."

"Stryn kommune er blitt en **kjempedyr plass å bu**, lite boliger til leie pga turister og airbnb"

"At der er tomter i alle grender for **dei som drømmer om eit liv på bygda** for å leve nærme naturen."

BUSTADER OG TOMTER

Air B n B bør regulerast sånn at ikkje alle eneboligane står tome i vinterhalvåret og vi blir ein **spøkelsesby.**

Kommunen er lite fram i skoa når det kjeme til **tomteutvikling.**

“"Rikinger" får bygge leilighetshoteller som **ikke gagner folk som vil bu her**. Det burde vært regulert mer, da airbnb og andre aktører kjøper opp bopeler , bygger bopeler og kun driver kortidsleie.”

Enkelte lokalsamfunn har no **over 50% feriehus**, fordi det er fint å ha ein plass å kome til ei veke eller to i året. Men her er faktisk ei smertegrense på dette, tenker då på barnehage, skule, butikk, fritidstilbod etc og ikkje minst kva det har å seie for dei som faktisk bur der heile året å ha nabohus med folk i.

Eg håpar det bur **folk i alle dei tomme husa** i bygdene (buplikt)!

BULYST OG BLILYST

"Meir grøntareal i sentrum, gjerne badeplass og lettare å kome til elva (kanskje gangveg), fleire møteplassar for unge og unge vaksne, ei **meir inkluderande bygd**."

"Eg håpar der er fleire fritidstilbod for vaksne. Ikkje alle er interessert i handball og fotball. T.d. buldrehall (gym stryn tel ikkje, det er for lite), bowling, escape rooms, lazer tag, go kart. Vi har ein flott turnhall, men kun trening for barn og ungdom, det er jo litt synd."

"For å opprettholde og styrke bulysten i Stryn, håper jeg på et **levende lokalsamfunn** med et mangfoldig tilbud av kultur, idrett og sosiale aktiviteter. Det kan være alt fra lokale festivaler og konserter til idrettsarrangementer og fellesskapshager. "

"Håpar på et **levande sentrum** med gode fritidstilbod, aktivitetar, skular og arbeidsplassar, med gode kollektivtilbod."

"Dersom befolkninga trivast i kommunen vil det alltid **trumfe all marknadsføring** frå kommunen sjølv, ved at vi **framsnakkar** og sel kommunen som ein bra og attraktiv plass å bu."

"Kommunen snakkar varmt om bulyst og at folk skal kome tilbake til Stryn. **Kva med oss som allereie bur her?** Og som har også har hytte i Stryn? Vi treng å bli høyrde, og vi treng like mykje at kommunen"verdset" oss like mykje, slik at vi vil fortsette å bu i Stryn, og fortsette å bruke hyttene våre, heile året."

"No handler det stort sett å få folk til å flytte heim til Stryn, men burde hatt like stort fokus på å **halde på dei som allereie bur her**. No virker det som tilflytting er det einaste som gjeld, utan ein klar plan på f.eks kvar ungane skal gå på skule."

"At Strynesamfunnet blir sett på som **inkluderande** av dei som flytter hit. Utan ei opplevd inkludering er ikkje inkludering mulig og vi vil framleis oppleve **at mange ikkje trives**."

"Informasjon om fritidsaktivitetar eller happeningar er vanskeleg å finne ut av. Som ein innvandrer uten connection er dette **spesielt vanskeleg.**"

"**Støyforureining i Stryn sentrum er eit helseproblem** som kommune og politikarar må ta på alvor. Ein har krav på nattero sjølv om ein bur i sentrum. Mange sentrumsbebuarar bur i raud og gul støysone pga trafikkstøy fra RV15 som går gjennomsentrum, og ein del av desse igjen får i tilleg all ulempe med støy fra uteliv og festivalar"

"Vi må ha eit mål om at barna våre får **ein trygg barndom og ungdomstid**, slik at dei kviar seg på å reise heimanfrå, og at dei lengtar heim kvar dag dei er ute i utdanning. Så må vi motivere dei, og ikkje minst legge til rette for at dei skal **kome heim til Stryn** og gi same kjenslen til sine etterkomarar."

MØTEPLASSAR

"Håper aktivitetsparken i sentrum er bygget ut og at der er flere **aktivitetstilbud** som **ikke er organiserte**."

"Håpar ungdommane har **gode rusfrie møteplassar** i alle bygdene".

"Skulen i Oldedalen bør bli i kommunen si eige, og bli som **eit grendahus for bygda**. Oldedalen treng ein gymsal der barn, unge og vaksne kan halde seg **aktive heile året**."

"Barn/ungdom **skryter av det gode og varierte lavterskeltilbudet** på Telegrafen, Nattkafeen og Åpen hall, gatebilklubben."

Eg håpar vi har ein park, **akkurat som Mjøsparken**. Tilrettelagt for store og små, og innbyr til all slags aktivitet, badestrand, scene og toalett, minigolf og frisbeegolfbane, pumptrack.

"At vi har utvikla sentrum med eit fint, **grønt fellesareale** td ned mot elva med **mulighet for å samlast**, ete mat, badeplass, leik og anna fysisk aktivitet. Sjå til Eid, Sandane, Fagernes td."

"At ungdomar som ikkje deltar i idrett/anna organisert aktivitet har ein plass å oppholde seg som passar for alle **istaden for å drive gatelangs**."

"At vi reiser til Hornindal for å bade, seier sitt."

"Det hadde vært kjekt med studenstova i Innvik/Utvik. Da får vi som bor i bygda og studerer **en møteplass** uten å måtte kjøre så langt."

"Gangveg/Sykkelveg mellom Grønnevik og Svarstad langs fjorden med **badeplassar og strandplassar** for kano/kajakk/supbrett og toalett."

"Fleire møteplassar for unge vaksne/lettare for innflyttarar **å bli kjent med stryningane**"

OPPVEKST

"Utan **Stryn VGS** hadde **aldri** familien min og eg flytta tilbake til Stryn."

"Håpar bygdene fortsatt har skule og barnehage, **gjerne oppvekstsenter**"

"At en skole og barnehagestruktur med oppvekstsenter **i alle tettstedene** blir realisert"

"Håpar at Stryn kommune vil **opprettholde tilbod om barnepass heile året**, både på SFO og i barnehage. Å stenge ned i fellesferien henger ikkje på greip. Resten av samfunnet stenger ikkje ned i fellesferien, og langt fra alle har ferie heile fellesferien. Nedstengninga av tilbod om barnepass høyrer ikkje saman med at både mor og far skal jobbe heiltid. I tillegg stenger tilboda også ned for planleggingsdagar. Folk i arbeid kan ikkje ta seg so mykje fri frå arbeid."

"At det blir lagt **meir ressurser til barnehagar og skular** mtp større og større krav til adm arbeid."

"At det vert brukt **meir ressurser til skulesektoren**. Det viser tydelig at det er større og større utfordringar og negativ åtferdsutvikling kring barn. Dette er noko som er viktig å bruke ressurser til for å stoppe denne trenden som går."

"Håpar skulane får meir valmuligheter når det kjem til fordeling av kontaktlærarar og tillegg. Håpar at **personlege eigenskapar kan vege meir i tilsetting i oppvekstsektoren** enn det gjer i dag, ikkje tilsetting kun basert på utdanning. Vi må hugse at personlege eigenskapar ofte er viktigare enn utdanning når ein jobbar med born og unge."

"At ein kan **samarbeide betre over kommunegrenser** når det kjem til barnehage og skuleplass dersom det vil føre til betre løysingar."

"Barnehagesaka i Vikane øydelegg bygdene våre. **Tenk først og fremst på barna og tilsette.** Ikkje dei voksne. Bør utgreiast alle alternativ. Politikarane er utruleg passive og ynskjer ikkje å ta tøffe diskusjonar og val, det øydelegg både økonomien til kommunen. Beslutningsvegring frå politikarane er **skammelig"**

"**MYKJE STØRRE fokus på barn og ungdom si psykiske helse** i kommunen, gi midlar til fleire kompetente faglege mennesker i sektorene som har fokus på det psykososiale miljø til barn og ungdom. Dei er framtida vår - og det er på tide å forstå dette no"

OPPVEKST

"At skulane er i stand til å tilretteleggje og **legge merke til barn**."

"I 2035 håpar eg det er mindre digitale hjelpemidlar i skule og utdanning. Born bør bruke **blyant og viskelær** og lære seg å skrive og teikne. **Mindre skjermbruk** der ein kan."

"Jeg vil etablere familie i Oldedalen, og **oppveksten på Oldedalen Skule var helt nydelig**, dette ønsker jeg også for mine barn."

"At Vikane har fått en god barnehage der **folk vil jobbe og barn kan trives.** Oppvekstsenter i tilknytning med skolen i Innvik."

"Det er svært trist at barna på Tonning skule vert **asfaltbarn.**"

"Gjøre oppveksten bra for barn og unge, da vil de **tilbake igjen** til bygda."

"Betre satsing på tidleg innsats og god fagleg bemanning i barnehage og skule. **Slutt å kutte budsjett til dei som skal ta vare på oss**."

"Trygg **barnehage** i Utvik. "

HELSE OG OMSORG

"Mitt høgste ønskje er **eit terapibasseng**. Vi e mange med utfordringer knytt til smerter og utmattelse, kroniske plager som revmatisme, fibromyalgi ol som vil få ein betre kvardag om vi hadde hatt terapibasseng. **Kommunen går glipp av så mange ressurssterke personer** pga at vi har eit manglandetilbud."

"forbud mot stoff/narkotika som **øydelegg ungdom** og folk som roter seg bort i det. Må vere kjempe hard straff for dei som selger det og tener groft på det."

"**Eldretun** i bygdene for å frigje hus og betre eldre omsorg!

"Håper på **bedre helsetilbud** i Stryn kommune, kortere ventetid og kortere reisevei til undersøkelser, legetimer, ønsker legevakt i Stryn, **spesielt om sommeren**"

"Fokus på forebygging av sjukdom hos eldre, ved hjelp av fleire aktivitetstilbud og meir hjelp i heimen. Feks, **trimgrupper, ergoterapi og velferdsteknologi.** Håpar at sentrum i stryn er universelt utforma og at butikker i 2 etg har heis"

"eg håper folk tar seg bedre av hverandre - **at man virkelig stiller opp** når noen i nabolaget eller nettverket trenger en. jeg håper at når kommunen kjenner til at noen er mer utsatt pga sykdom eller andre ting så blir man kontaktet, hørt og sett."

"Eg håpar det blir lettare å få fast jobb. Særleg kvinnene i omsorgsyka. Dette kan bidra til **større sikkerheit og dermed auka barnetal**. "

"Heildøgnsbemanna boliger ved **omsorgssenteret i Innvik**"

"Vi må tilrettelegge for en helsesektor der helsepersonell trives i en jobb som er overkommelig og kjekk, og **der livskvalitet for brukerne er hovedfokus**, og ikke livslengde".

"At alle eldre som ikke kan bo hjemme, får en plass der dei kan **føle seg trygge** og får den hjelpa dei trenger."

"Meir fokus på **forebygging innan psykisk og fysisk helse**, frå bhg og heile livet..
Stress er årsak til over 80 % av alle sjukmelding. Men kva tilbod har Stryn til desse???"

"Eg håpar tilbodet til eldre og dei med psykisk sjukdom er **like godt som i dag**, eller **helst betre.** Eg håpar at heimesjukepleien er godt bemanna, då fleire eldre og sjuke blir buande heime. Eg håpar sjukeheimane framleis har plass til dei som treng og vere der."

DESENTRALISERING

“Håper politikken tar høgde for at alle bygdene skal vere levande og **ikkje berre fokuserer på sentralisering til Stryn**. Kva hadde Stryn vore uten turismen i Olden og Loen? **Lokalbefolkninga i bygdene må få igjen for å vere hovedsete for turistane**. Dagens politikk gjer det mindre attraktivt å bu i utkantane i kommunen.“

“Ha fokus på at folk **blir buande** i kommunen, spesielt i utkantene.”

“Husk at **avstanden er like lang** frå sentrum og ut i utkantene av kommunene, som frå utkantene og inn til sentrum.”

“Føler bygdene må vere med å betale for at det skal vere bra i Stryn sentrum.”

“**Ta oss utenfor Stryn sentrum på alvor** - det er ikke slik at vi bor i "periferien" og ønsker oss inn til Stryn, nei, vi velger å bo i bygdene - og Strynesentrum er litt avhengige av oss både til handel og kulturtilbud.”

“Håpar at utkantar ikkje blir **"avfolka"**.”

“Prioriter **alle bygdene.** I Utvik er det einaste kommunale igjen barnehagen og en ubemanna brannstasjon. lat det ikkje bli mindre!”

“**Aukande folketal i bygdene** med gode skular og barnehagar og eit levande næringsliv”

“Håpar at kommunen i praksis viser at **ein ønsker levande bygder**, og dermed legg til rette for tomter og tilflytting”.

“Levende bygder der vi må **satse på ungdommen/ barn.** Dei må ha gode tilbud der dei bur. Eg hadde ikkje flytta til Olden om her ikkje va fritids tilbud til mine barn, kommunen kan ikkje legge på frivillige organisasjonar/ foreldre å bygge opp skuleplasser og barnehagen sitt ute område. **Ikkje gløym bygdene!!**”

“Ikkje satse alt i sentrum. Det tek tid for foreldre å køyre barn frå utkantane til tilbod i sentrum. F.eks ein **tannlegetime tek fort ein halv arbeidsdag**.”

TURISME

"Mindre cruise slik at vi kan ta vare på naturen og bruke den selv. **Når her er fullt så må vi reise ut av bygdene for det er ikke plass til oss..**"

"Innføre **skatt på turista** og avvikle eigedomskatten."

"Turismen har dreid frå kvantitet til meir eksklusiv kvalitet...og kanskje har vi blitt ein **skidestinasjon på vinterstid også**? Ubrukt potensial der.... "

"Kunne det vere ein ide å innføre **parkeringsavgift** i Stryn sentrum?"

"Vi legge til rette for turisme (cruise, hytte og airbnb) i ein slik grad at vi mistar sjela vår i prosessen. **Snart er det berre bussar, tog og tomme hus her.**"

"Bærekraftig turisme bør være i fokus, slik at besøkende kan **nyte naturen uten å ødelegge den**."

"Turistinfo og **lokalmatutsalg** kunne vore ei kombindert løysing ein satsa på. Og det igjen kunne ein kalla **eit berekraftsenter**".

"Vi er kjent som Fagre Stryn igjen, ikkje som "festival og cruisebygda". Vi treng ikkje ei cruisekai nummer 2! **Vi driv bærekraftig turisme og set innbyggjarane som bur her først.**"

"**Stryn i 2035 vil ikkje vere avhengig av turistar**"

"Håper en heller fokuserer på å bygge ut cruise kaia i Olden, i steden for å ødelegge flere steder med cruise skip og trafikk. Utrolig trist å skulle ødelegge for enda flere lokalsamfunnet for kaoset som **cruise trafikken lager med forurensing, køer og forsøpling**."

FRILUFTSLIV

"Det å **bevare natur, og innslag av natur, i sentrumsnære områder** blir viktig slik at flest mulig kan benytte seg av den. Ikke bare de som har bil som kan kjøre til turløyper eller som har helse til å gå på fjellet."

"**Heilårsveg** til Tonningsetra for alle"

"Stryn kommune må jobbe for å få veg opp til Tonningssetra som er open for alle heile året. Det kan ikkje **vere berre hytte-eliten og grunneigarane som skal ha høve til å kome seg til fjells**."

"At det blir **prioritert helårsvei opp til Tonningsetra** for alle innbyggerne"!

"**Elva, fjorden og fjellet** er tilgjengelig for alle".

"Kommune må sikre areal til meir kommunale parkeringsplasser langs kommunale vegar d**er turene ut i naturen startar.** I dag må dette stort sett skje på privat grunn som kan gi konflikt ved auka tal turistar og meir friluftsliv."

KULTUR

"Eg meiner at **kommunen bør stå for eige og vedlikehald av eit bygg i alle bygder** (grendahus, gymsal eller liknande). Dette fører til at det vert enklare å gjennomføre arrangement for innbyggarar i alle aldrar."

"Fleire **kvalitetsfilmar** på kinoen"

"Fleire **restauranter og bedre kulturtilbud**"

"Vi har ikkje **skulekorps** i bygda. Snittalderen til Stryn Musikklag blir høgare og høgare utan rekruttering frå eit skulekorps, så om ikkje noko blir gjort har vi snart ikkje eit einaste korps i bygda. **Dei som speler i eit korps bidreg til andre oppdrag enn berre 17.mai**, det vere seg speling på festivalar, fotballkampar, turnstemner, songarstemner, solist-oppdrag i begravelsar, gudstjenester osv. Den einaste måten å få eit aktivt korpsliv i bygda på, er at instrumentopplæring og notelære på gjerast i skuletida, og her må kommunen ta ansvar. Andre kommunar som har innført dette har lykkast. Og når vi veit kva musikk gjer med f.eks dei som er råka av demens, så MÅ dette på dagsordenen. **Vi MÅ ha eit godt korpsmiljø i Stryn.**"

"Større **kulturskule**".

"Større satsing på dei kommunale **kulturinstitusjonane**"

"Håpar på eit **rikt kulturtilbod**"

"Kulturtilbod for folk under 40 og som ikkje vil på **fest kvar gong det skjer noko i bygda**".

KLIMA OG MILJØ

"Stans hyttebyggingen i vår vakre natur. Den øydeleggast meir og meir. **Hyttebygging er IKKJE bærekraftig.** Sats på natur, småskala landbruk og lokal matproduskjon"

"Alt i alt, jeg håper Stryn i 2035 er et **blomstrende samfunn** som balanserer bevaring av naturen med bærekraftig utvikling og en levende lokal kultur."

"Større fokus på å **bevare den naturen turistene kommer hit for å oppleve**, og som er viktig for oss som bor her."

"Håpar kommunen og politikarane snart **tek klimaproblema på alvor**. Vi bygger ned for mykje av naturen vår. Verna vassdrag må fortsette å vere verna og ikkje opnast for vasskraftutbygging."

"Alle skal køyre **el-bil**"

"Sett **strengare krav til cruisenæringa** mtp utslepp"

"At kommunen gjer klimavennlege tiltak sjølve som ikkje berre ser bra ut på papiret men **faktisk har reel effekt.** Ein må sjå den store samanhengen i verda og ikkje berre på utsleppa på ein el bil."

"Støtte **kortreist mat**".

"Unngå all køyring opp til turløypene, det stinkar eksos langs Setrevegen i helgane og feriane **på linje med ring 3 i Oslo**."

"At vi forsatt kan ta vare på den sårbare men **vakre naturen** vår"

"Incentiv for bedrifter i Stryn til å **velje lokale råvarer** - både støtte lokal næring og auke bevisstheita til kunden."

"Å **oppretthalde lokale tilbud** er klimavennleg på den måten at køyretida for å kome til det aktuelle tilbodet og dermed og **klimautsleppet blir minimalt**."

"Eg håpar at Stryn kommune klarar å finne **ein felles identitet** som vi kan vere stolt av, og **at vi ikkje blir kjent som ein kommune som fylte ut fjorden, hogde ned skogen og asfalterte dyrka mark**."

"At vi ser verdien av å bevare det som er **det beste ved Stryn**: naturen og nærleik til naturen for oss som bur her".

"Stryn her framleis **unike verdier i urørt natur og vedlikhalde kulturlandskap**. Denne verdien er unik i verdsamanheng, men kan forsvinne og bli uinteressant i løpet av få tiår viss vi ikkje tnkjer strategisk aukar bevisstheita rundt kva som faktisk er verdiane vi har rundt oss. **Lokalt kulturlandskap, verneverdige bygningar og kulturminnesmerke må ikkje byggjast ned**."

NÆRING

"utbytting av vannkraftverk, **utvikling av kjernekraft**"

"Håpar at vi framleis har matproduksjon i Stryn. Det er svært viktig beredskapsmessig, og turistar vil ikkje sjå gjengrodde bygder. **Hurra for møkalukt kvar vår!**"

"At Stryn kommune og næringslivet er mer f**removerlent, vilje til investering, gjennomført ett grønt løft**"

"Etter Moods of Norway-eventyret, Alloha Hemp, Ricco Vero og Skogstad og Design Stryn si storhetstid - **so har Stryn dovna heilt av**."

"Håpar fleire vil bli **bønder**"

"Det skal vere **mange jobbmoglegheiter**"

"At det er mindre kommunale skatter, slik at det blir **gunstig å etablere næring** i kommunen".

"Ein treng ei utvikling i ei retning der **unge nyutdanna eller nye tilflyttarar ynskjer å busetje seg her** og at ein faktisk har moglegheit til det."

"Utvikling av Stryn vinterski med **stolheis på fleire toppar**"

"At **industrien er flytta vekk** fra sentrum".

"Meir tilrettelagt **industriareal**"

"Få meir **kompetansearbeidsplassar** og arbeidsplassar der ein kan få tilbake mange av kvinnene som tek høgare utdanning. Slik som det er i dag så må ein nesten vere sjukepleiar/helsearbeidar eller lærar dersom ein vil ha jobb i Stryn som kvinne. **Mange kvinner tek anna type utdanning, og dei må ein også få heim,** men då må dei ha jobb å gå til."

"Meir fokus på **næringslivet og "by"planlegging**"

"Trist at næringslokaler i sentrum er eid av private aktører, som har **høy leie** og hindrer butikker, barer, kafeer, restauranter eller andre å etablere seg."

"Muligheter for utvikling av småbruk, grøne næringar, lokalprodusert, utvikle turisme, men bærekraftig. **God hjelp til oppstart av småskala virksomhet**."

"Eg håpar det blir lettare å få fast jobb. **Særleg kvinnene i omsorgsyka**. Dette kan bidra til større sikkerheit og dermed auka barnetal."

"At det framleis fins **bønder og folk som har levebrødet sitt i bygdene**"

INFRASTRUKTUR

"Håper det er flere muligheter for **fortau langs veiene, mellom bygdene**".

"Sykkelveg **frå Skåre til Nordfjordeid**"

"Slik det er idag er vi foreldre **bekymra for ungane våra** når dei ferdast på vegane i Loen."

"Til og frå Oppstryn kjem ein seg ikkje med buss **utan då skuleruta går**."

"Trygge skulevegar".

"Eg håpar Stryn kommune har bygd ut infrastrukturen så vi t**åler belastninga av turistar** i bygdearmane sommarhalvåret."

"Implementert **innovative løsninger for kollektivtransport** og tilrettelegging for sykling og gangvei"

"**Bedre vegar**..."

"Trafikktryggleiken, **spesielt i Sætrevegen**, må betrast".

"På vei til sentrum i bil i dag telte eg frå Olden kyrkje til sentrum **120 personer som gjekk langs veien**. Var og mange opp mot lauki brua (starta ikkje tellinga før ved kyrkja) **Det e ikkje forsvarleg**!!!"

"Bygda har mange sesongarbeidarar og invandring - **viktig med offentleg kommunikasjon til sentrum**."

"**God infrastruktur og tilrettelegging for busetting** i heile kommunen er viktig".

"**Håper det er kommet tunell** gjennom strynefjellet og at det er kommet bro fra stryn til innvik med tunell gjennom fjellet."

"At det **aldri kommer bru** over indre Nordfjord".

"At vi har gode og trygge vegar å ferdast på."

"Trygg **skule- og barnehageveg** til alle."

"Fler **sykkelveger langs riksvegen**"

"Framleis **tilgong til Grasdalen og Skjeringsdalen HEILE året** (viss ny Strynefjellstunnel). Viss bygging ny Strynefjellstunnel, **ikkje "rasere" Hjelledalen** - IKKJE transport av tunnelmasse gjennom Hjelledalen eller massedeponi i dalføret!!!!!!!!"

"Gang og sykkelveger i **Innvik**!"

"At kollektivtilbodet blir utvida, **ikkje nedbygt**".

"Dersom ein skal auke talet på antal turistar (tenker på cruiceturismen) så håpar eg at ein ikkje gjer det før **ein har infrastrukturen til å ta dei imot**. Vegar, ansette og ulike fasilitetar."

KOMMUNE - ORGANISASJON OG POLITIKK

"Det er mykje bra med å vere ein ja-kommune, men alle som er foreldre veit at **ein ikkje berre kan sei ja**. Det å styre ein kommune betyr å lage ein god og rettferdig plan som gjer at ein veit kva ein skal seie ja til, og kven som får nei. **Det er snakk om prioriteringar**. Sjølve uttrykket ja-kommune kan fort bli populistisk - ein seier ja til dei som ropar høgast-eller sit med makt i form av pengar eller viktige posisjonar. Så ja, eg ynskjer å bu i ein kommune som lyttar og kommuniserer godt med innbyggjarar og næringsliv- og som ynskjer utvikling! Då må ein tore å vedta ting som føl planane-og som er **det beste for innbyggjarane**."

"Kommunen må tenke heilhet og førebyggande arbeid. **Slutte å bruke penger på å brannslukke**, heller investere no for å spare seg for utgifter seinare."

"Å være en ja-kommune betyr at felleskapet beste ofte får nei. Jeg ønsker en **mer nyansert måte å se verdiene til Stryn kommune.**"

"Stygg arkitektur **(ikke rekrutter saksbehandlere fra blindeforbundet)**"

"Vi må jobbe meir ilag og **ikkje alle på kvar si tue**. Kommuneadministrasjonen må instille seg på å løyse problem, ikkje lage problem og utfordringar".

"Stryn kommune er en ja kommune som **spiller på lag** med bedrifter og innbyggerne. Kommunen er der for folket. Ikke omvendt."

"Eg håpar at politikarane forstår at **verdiskaping er meir enn kroner og ører.** At det også er ein verdi å ha eit kulturlandskap, lokal matproduksjon, liv i skogen og i fjorden, trivsel, samhald og det å ta vare på naturen vår. "

"Ein må rette opp ryggen og legge planar ein kan stå for. Fokuset må vere tydeleg : **born, unge og naturen**. Det er dei som er her i framtida, **alt anna er detaljar**."

"Det å bruke uttrykket "Ja-kommune" er upresist og seier noko om at kommunen er uærlig og ikkje tek innbyggarane eller seg sjølv på alvor. **Seier ein ja til noko, så må ein samstundes seie nei til noko anna** - og være ærlig om valget ein tek. Dette er prioritering og ANSVARLIG politikk."


Som innbyggere i Stryn kommune er vi alle investert i **vårt lokalsamfunns velvære og fremtid.** Men for å virkelig sikre at våre stemmer blir hørt og våre behov blir adressert, må vi **kreve mer** av våre politikere. Vi må insistere på **åpenhet, lydhørhet og handling** fra dem som har blitt valgt til å representere oss. For lenge har vi følt at politikerne er fjernet fra oss, at deres beslutninger tas uten vår inngripen eller våre meninger i betraktning. Dette kan ikke fortsette. Vi trenger politikere som ikke bare er til stede i valgkampen, men som er **til stede i våre lokalsamfunn**, som lytter til våre bekymringer og tar dem på alvor. Å være en politiker betyr å være en tjener for folket. Det betyr å være en stemme for våre behov og ønsker, ikke en klamp om foten som vi må kjempe imot. **Vi trenger politikere som er forpliktet til å være åpne om sine beslutningsprosesser, som deler informasjon og inviterer til engasjement fra innbyggerne.** Vi oppfordrer våre politikere til å være transparente i alt de gjør, fra planlegging av prosjekter til tildeling av midler. Vi krever at de er lydhøre overfor våre bekymringer og innspill, og at de tar disse inn i beslutningsprosessene. **Vi forventer handling, ikke bare tomme løfter**. Et sterkere Stryn kommune er avhengig av et engasjert og inkluderende lokalsamfunn. La oss sammen kreve mer av våre politikere. La oss sammen jobbe for å bygge et samfunn som er bygget på tillit, åpenhet og samarbeid. **Det er på denne måten vi virkelig kan forme fremtiden til Stryn til det beste for alle.**

FØREBELSE SATSINGSOMRÅDE

11. "Berekraftig næringsutvikling" - kryss av for dei punkta du meiner er viktigast her (fleire moglege)

Flere detaljer


Desentralisert utdanning	122
Grøn næring	61
Ja-kommune	93
Landbruk	99
Oppretthalde landbruk og bevar...	198
Reiseliv og berekraftig turisme	125
Rekruttering	101
Utvikling av næringslivet	143



12. "Framtidsretta utvikling i heile kommunen" - kryss av for dei punkta du meiner er viktigast her (fleire moglege)

Flere detaljer


Folkehelse	233
Grøn energi	49
Klima	80
Kraftutbygging	76
Natur	183
Samfunnstryggleik og beredskap	167
Universell utforming	71



13. "Eit godt livsløp i Stryn" - kryss av for dei punkta du meiner er viktigast her (fleire moglege)

Flere detaljer

Fritidstilbod	162
Gode skular og barnehagar fagl...	241
Integrering	90
Strategi for skule/barnehage me...	102
Aktive eldre	101
Fleire eldre - planlegge bu- og ...	139
Folkehelse	142
Framtidsretta tilbod "Leve heile l...	106
Rekruttering	84
Tilrettelegging og digitaliserings...	37
Velferdsteknologi	49




Til planprogrammet vart arbeidet med å utarbeidde satsingsområde starta. Her er resultata frå spørjeundersøkinga der innbyggarane fekk i oppgåve å krysse av for dei satsingsområda dei meinte var viktigast.

14. "Bulyst og attraktive lokalsamfunn" - kryss av for dei punkta du meiner er viktigast her (fleire moglege)

Flere detaljer

Attraktivt for nyutdanna å bu i S...	165
Desentralisert kommune	84
Fokus på barn og unge	150
Friluftsliv	125
Fritidsaktivitetar	133
Frivilligheit	62
Gode bygdelag	119
Inkluderande lokalsamfunn	155
Innvandring og integrering	50
Kulturelt mangfald	50
Levande bygder	174
Moglegheiter i bygder og tettst...	93
Naturleg førsteval for alle som s...	60
Rekruttering	56
Tilrettelegging for befolkning i ...	139



TAKK FOR INNSPEL!

